



Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/5823 - 20/27450

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
12.05.2020

Løyve til oppføring av teknisk bygg og stoppelomme med dispensasjon - gbnr 6/4 Andås

**Administrativt vedtak:** Saknr: 489/20  
**Tiltakshavar:** Statens vegvesen  
**Ansvarleg søkjar:** Statens vegvesen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

**VEDTAK:**

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføremål LNF for oppføring av teknisk bygg med stoppelomme på gbnr 6/4 Andås.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av teknisk bygg med stoppelomme på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan, motteke 25.02.20 og utførast i samsvar med teikningar motteke 25.02.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal ikkje komme i konflikt med stien til Austlendingen i samsvar med uttale frå kulturavdelinga i Alver kommune av 06.05.20.
3. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg europaveg E39. Avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 29.04.20 og godkjent situasjonsplan motteke 29.04.20.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:**

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.»**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om oppføring av teknisk bygg for vedlikehald av Eikefettunnelen ved europaveg E39 med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 115,4 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 134,1 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar etablering av stoppelomme, grunn- og terrengarbeid samt opparbeiding av avkøyrsløse.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremål i kommunedelplanen.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.02.20 og supplert 30.04.20.

### **Sakshandsamingsfrist**


Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Tilleggsdokumentasjon vart etterspurt ved brev av 07.04.20.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg sækjar 30.04.20.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. I tillegg ligg tiltaket i omsynssone ras- og skredfare.



## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planføre mål LNF i kommunedelplanen for Lindås kommune.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

E39 Eikefettunnelen skal oppgraderes sikkerhetsmessig for å tilfredsstille krav i tunnelsikkerhetsforskriften. Det skal i denne forbindelsen installeres mye nytt teknisk utstyr.

Det trengs da ett teknisk bygg med stopplomme i nærheten av tunnelportalen for drift og styring av installasjonene.

Området er i kommuneplan for Lindås kommune 2019-2031 lagt ut til LNF-område.

På det aktuelle området for nytt teknisk bygg ligger i område som er småkupert og med blandingskog.

Statens vegvesen sin vurdering er at plasseringen av ett nytt teknisk bygg med stopplomme ved Andås på sørsiden av E 39 ikke vil gi negative virkninger i forhold til aktuelle LNF-interessene i området:

- Bygget ligger ikke i strandsonen.

-Nytt teknisk bygg vil ikke bli eksponert i landskapet. Terrenginngrepene vil være langs eksisterende vegtrase.

Utformingen av bygget er lavt, en etasje og saltak i samsvar med tradisjonell byggeskikk i området.

Nytt teknisk bygg med stopplomme er nødvendig for å tilfredsstille krav i tunnelforskriften.

Statens vegvesen region vest søker herved om dispensasjon for oppføring av nytt teknisk bygg med stopplomme på gnr 6, bnr 4.

## Uttale frå anna styresmakt

Det kom følgjande uttale frå Landbruksavdelinga datert 15.04.20:

Det omsøkte bygget ligg i umiddelbar tilknytting til E 39 og kjem ikkje i konflikt med landbruks- og naturinteresser så langt me kan sjå. Det er ikkje registrert sjeldne naturtypar eller andre naturinteresser som kan verta råka av tiltaket. GBNR 6/4 er sjølve vegen med vegskulder og det er soleis ikkje ein landbrukseigedom som må gje frå seg noko areal. Det er ikkje naudsynt med jordlovshandsaming då det ikkje er dyrka eller dyrkbar mark jf § 9 i jordlova.

Landbruksavdelinga kjenner til at sti til Austlendingen byrjar i dette området, men går ut frå at dette er teke omsyn til.

Bygget er viktig for å betre tryggleiken i Eikefettunnelen og landbruk har ingen merknader til at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet.

Det er henta uttale frå Kulturavdelinga i Alver kommune den 06.05.20:

Eg kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket, slik det er skildra i søknaden, kjem i konflikt med stien til Austlendingen då denne går litt lenger sør-vest. Det er viktig at tiltaket ikkje på nokon måte råkar ved tilkomsten til denne stien.



Det er henta inn uttale frå Statens vegvesen vedr. dispensasjon frå byggegrense mot europaveg E39. Dispensasjon er gitt den 29.04.20.


### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteke 25.02.20.



På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 7 meter. Tiltaket er plassert utanfor byggegrense mot veg i plan. Dispensasjon frå byggegrense mot europaveg E39 er gitt den 29.04.20 av Statens vegvesen.

Avstand til offentlig veg er opplyst å vere 8,5 meter. Vegstyresmakta, Statens vegvesen, har i vedtak datert 29.04.20 gjeve dispensasjon til plassering 8,5 meter frå offentlig veg.

### **Vatn og avløp (VA)**

Tiltaket skal ikkje knytast til offentlig vassverk eller avlaup.

### **Tilkomst, avkøyrsløp og parkering**

Tiltaket er sikra lovleg tilkomst til offentlig europaveg E39.

Avkøyrsløp til offentlig veg er godkjent av vegstyresmakta i vedtak 29.04.20.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen merknader til utforming av tiltaket.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tiltaket ligg i omsynssone for ras- og skredfare ifølgje kommuneplanen. Det er vedlagt Flom og skredfarevurdering datert 24.01.20.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

### **Avfallsplan**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

## **VURDERING:**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på følgjande punkter:

- Helse, miljø og tryggleik
- Omsyn til LNF-føremål
- Omsyn til trafikktryggleik
- Uttaler frå Landbruks- og Kulturavdelingar

Det omsøkte bygget ligg i umiddelbar tilknytning til E 39 og kjem ikkje i konflikt med landbruks- og naturinteresser. Bygget er viktig for å betre tryggleiken i Eikefettunnelen og gjennomføre naudsynte installasjonar i oppgradering av tunnelen og administrasjonen vektleggjar desse samfunnsmessege interesser i denne saka.

I uttale frå Landbruksavdelinga står det at:

«Det er ikkje registrert sjeldne naturtypar eller andre naturinteresser som kan verta råka av tiltaket. GBNR 6/4 er sjølve vegen med vegskulder og det er soleis ikkje ein landbrukseigedom som må gje frå seg noko areal. Det er ikkje naudsynt med jordlovshandsaming då det ikkje er dyrka eller dyrkbar mark jf. § 9 i jordlova.»

Vidare har Kulturavdelinga vurdert at tiltaket kjem ikkje i konflikt med stien til Austlendingen då denne går litt lenger sør-vest.

Administrasjonen si vurdering er at tiltaka ikkje får betyding for landbruks-, natur og friluftssinteresser og at verdien av tiltaka utgjør så store fordelar at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Ansvarsrettar**

Ansvarleg søkjar har sendt inn gjennomføringsplan, datert 18.02.20 som viser ansvarsfordeling for tiltaket.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følger av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/5823**

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonsplan og plan og profil  
Teikningar  
Gjennomføringsplan og erklæringar om ansvarsrett  
Kart

**Kopi til:**

Statens vegvesen Utbygging

**Mottakarar:**

Statens vegvesen

Postboks 1010 2605  
Nordre Ål

LILLEHAMMER